



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 4, 26. januar 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Flyplassen blir stengt ein måned frå 19. juni

Ørsta Volda Lufthavn Hovden blir stengt frå 19. juni og ein måned framover fordi det skal leggjast nytt asfaltdekke på heile flyplassen. Det skal også installerast LED-lys på flyplassen. I tillegg vil flyplassen bli nattestengt både før og etter månaden med asfaltering. 25. januar var det framleis mogleg å tinge flybilletter til og frå Hovden i heile stengeperioden, men dette må vel bli endra om kort tid.

[LES MEIR](#)



Vidareutdanning i musikk for lærarar i skulen og barnehagen

Underviser du i musikk i grunnskulen eller kulturskulen, men har ikkje formell utdanning i faget eller treng fagleg påfyll? Frå hausten 2023 tilbyr Høgskulen i Volda ei heilt ny vidareutdanning i musikk gjennom ordninga Kompetanse for kvalitet. [Sjekk ut denne og fleire vidareutdanningar med gunstige stipendordningar for lærarar og barnehagelærarar.](#)

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Akademika-bokhandelen: Stengt på fredagar - framleis pensum-rabatt

Akademika-bokhandelen i Ivar Aasen-huset held frå veke 4 ope klokka 10-16 på måndag til torsdag, men er stengt på fredagar. Bokhandelen har framleis inntil 20 prosent rabatt på pensumpakkar. Ny fagansvarleg på Akademika Volda er Diana Medne. [Her er lenke til Akademika Volda.](#)

Lærarutdannarar møtte praksisskulane: Samarbeid i og om praksis

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har arrangert det årlege seminaret for grunnskulelærerutdanningane (GLU-seminaret), og seminaret samla ca. 120 engasjerte fagfolk: Praksislærarar, skuleleiarar, skuleeigarar, studentar og lærarar frå grunnskulelærerutdanninga. Målet med seminaret var å heve kvaliteten i utdanningane endå meir ved å jobbe i lag med dialog og kommunikasjon som tema. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Faddervekestyret hausten 2023: Søknadsfrist 27. januar

Studentar har no sjansen til å bli med på å lage ei heilt magisk fadderveke i 2023. Det er seks ledige verv i Faddervekestyret, og søknadsfristen er 27. januar. Ikkje berre får Faddervekestyret vere med på å lage ei fadderveke som vil gi mykje moro, men også viktig arbeidserfaring som kan vere svært nyttig å ha på CV-en. Verva er også honorerte. [Les meir på nettsidene våre.](#)

[Kortkurs i studieteknikk for studentar - med kaffi og snop - 31. januar](#)

[Kortkurs i lesestrategiar for studentar - med kaffi og snop - 2. februar](#)

Kven bør få pris for internasjonalisering? Nominasjonsfrist er 5. februar

Pris for internasjonalisering går kvart år til ein studentorganisasjon, studentfestival eller studentlag som har gjort ein særleg innsats for å inkludere internasjonale studentar, skape kontakt og byggje relasjonar mellom norske og internasjonale studentar ved Høgskulen. Prisen er på 10 000 kr, og både studentar og tilsette kan nominere. Årets nominasjonsperiode varer fram til 5. februar. Fleire av studentorganisasjonane slit med å halde oppe engasjementet og studentfrivilligheita etter koronaen. Vonleg kan prisen vere ein av fleire måtar å løfte fram det gode arbeidet som studentane legg ned i frivillig arbeid, og motivere til vidare innsats og rekruttering. Vi set difor stor pris på alle nominasjonar. Prisen blir delt ut på Internasjonal dag 8. februar. [Les meir om prisen, sjå oversikt over tidlegare vinnarar og gå til nominasjonsskiema her.](#)

22 gjestar frå partneruniversitet i 9 land: Internasjonal dag 8. februar

På [internasjonal dag 8. februar ved Høgskulen i Volda](#) kjem det 22 internasjonale gjestar frå partneruniversitet i Tyskland, Belgia, Hellas, Storbritannia, Nederland, Frankrike, Polen, USA og India. Høgskulen i Volda har over 100 samarbeidsavtalar med internasjonale høgskular og universitet. [Her er oversyn over alle våre partneruniversitet.](#)

[Tekst og tanke - masterlesesalen på biblioteket - 22. februar](#)

Allmøte for alle tillitsvalde studentar - 9. mars

Studentombod Gøril Hillersøy vil vere blant innleiaren på allmøtet, med hovudtema studentrettar og eksamen. Det blir også servert varm mat. Studentparlamentet ønsker velkomen til alle tillitsvalde. [Les meir på nettsida vår.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Chili-con-carne (vegetar/vegan)

Tysdag: Fiskegryte med heimelaga potetmos

Onsdag: Kyllingkarbonader med friske grønnsaker og løkcompott

Torsdag: Ball med tilbehør


Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning

Akkrediteringssøknadene er forbi første hinder

Høgskulen har inne tre akkrediteringssøknader hos NOKUT. Ein av dei gjeld master i barnevernsarbeid, og her har vi tidlegare fått melding om at NOKUT har peika ut ein sakkunnig utval samansett av professor Inger Oterholm (VID), universitetslektor Leili Laanemets (Lund) og student Lars S. Anvil (OsloMet). Denne veka kom det også melding frå NOKUT om at dei er i ferd med å finne medlemmer av sakkunnig utval for dei to andre søknadene frå Høgskulen i Volda: Ph.d. i Utdanning, språk og kultur (AHL) og master i natur, kultur og berekraft (AKF). Dette betyr at søknadene frå Volda har passert det første, administrative hinderet. NOKUT vurderer det altså slik at dei formelle sidene ved søknaden er i orden. NOKUT har stort arbeidspress for tida, og reknar med at for ph.d.-søknaden vil sakkunnig utval først kome til Volda over sommaren, men håper også at svar på akkrediteringssøknaden kan kome før årsskiftet. Det er ikkje sagt noko konkret om tidsplan for dei to

mastersøknadene. [Masterstudiet i barnevernsarbeid er alt lyst ut som deltidsstudium for hausten 2023.](#)



Ti år gammel trykt bok får nytt digitalt liv - og Open tilgang

Fagmiljøet på religion og livssyn har i mange år gitt ut ein skriftserie: Først under namnet Kyrkjefag profil, men no med namnet [Religionsfag profil](#). 2013 kom boka "Kristen spiritualitet" ut i skrifterisen, og denne boka har vorte sett opp på pensum ved fleire institusjonar og dermed er etterspurt. Boka er utselt frå forlaget, men vert no [gitt ut som Open tilgang \(open access\) publikasjon hos Cappelen](#)

[Damm Akademisk som står som utgjevar av skriftserien Religionsfag profil](#). Dette kan vere eit tips også til andre som har rettar til bøker som er etterspurde.

Faglege arrangement - og fristar

Fagdag i geriatri: Tema: "Kreft hos eldre" - 27. januar 2023

På den årlege fagdagen i geriatri på Høgskulen i Volda er tema i 2023 kreft hos eldre. Fagdagen blir arrangert i samarbeid mellom Helse Møre og Romsdal, Sjustjerna helse og omsorg og Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre](#).

Ingeborg Berg Skogen disputerer 3. februar 2023

[Høgskulelektor Ingeborg Berg Skogen](#), AKF, disputerer ved Høgskulen i Volda fredag 3. februar 2023 på ei avhandling med tittelen: «Stor og aktiv? Ungdommer og helsesykepleiere om fysisk aktivitet som oppfølging for ungdom med overvekt». Skogen har vore doktorgradsstudent på ph.d.-utdanninga Profesjonsutøving – vilkår og utvikling som Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde driv i lag. Avhandlinga er samansett av ei kappe og tre publiserte artiklar. Skogen har vore førsteforfattar på alle dei tre artiklane og har hatt andre fagfolk ved Høgskulen i Volda som medforfattar, blant dei hovudrettleiar [førsteamanuensis Kjetil Høydal](#), AKF. Ingeborg Berg Skogen er fast tilsett som høgskulelektor på [institutt for idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda](#).

Fagdag: Oppfølgingsarbeid i NAV - sosialt arbeid i Nav-kontor - 7. februar

Institutt for sosialfag inviterer til fagdag med oppfølgingsarbeid i Nav som tema. Tilsette i Nav-kontor og andre velferdstenester er inviterte til å delta på fagdagen 7. februar. Det er gratis å delta på fagdagen. Innleiar er Hanne Glemmestad som er sosionom med mastergrad i velferdspolitik. Ho er tilsett som høgskulelektor og studieleiar for sosionomstudiet ved Høgskolen i Innlandet, men har for tida permisjon då ho no er leiar for profesjonsrådet for sosionomane i FO. [Les meir om arrangementet på nettsidene våre](#).

Forskarskulen PROFRES: Søknadsfrist for opptak er 15. februar

Forskarskulen PROFRES har opptak to gonger i året, og neste opptak har søknadsfrist 15. februar. [Her er meir informasjon om og søknadsskjema til opptak på PROFRES](#). Høgskulen i Volda er ein av institusjonane bak forskarskulen PROFRES som rettar seg mot doktorgradsstudentar innanfor fagområda helse, velferd og utdanning. Inntil 60 ph.d.-kandidater kan vere med i PROFRES-

nettverket. Prosjektkontoret ligg ved Universitetet i Stavanger, og i tillegg til UiS og HVO er det seks andre norske institusjonar i nettverket: Universitetet i Agder, Universitetet i Sørøst-Norge, Nord Universitet, Høgskulen på Vestlandet, og Høgskulen i Molde. Høgskolen i Østfold er assosiert partner og internasjonale partnerar er Roskilde Universitet og Tallin Universitet. Forskarskolen er finansiert av Noregs forskingsråd fram til 2030. [Les også om PROFRES på nettsidene våre.](#)

Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette 22. februar

Høgskulen i Volda arrangerer 22. februar seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette. Seminaret er altså ikkje eit norsk kurs i seg sjølv, men handlar om kunnskapar om og erfaringar med norskopplæring av fagleg tilsette, og korleis andre institusjonar løyser dette. Seminaret har to innleiarar som begge arbeider ved Universitetet i Bergen: Professor [Ann-Kristin Helland Gujord](#) som har forska på desse spørsmåla, og [universitetslektor Else Berit Molde](#) som har arbeidd praktisk med norskopplæring av internasjonale tilsette. [Her er meir informasjon om seminaret - og lenke til påmelding. Seminaret er gratis.](#) Påmeldingsfristen er 15. februar 2023. Les også omtale av norskopplæring ved Universitetet i ein [artikkel i Khrono](#).

SEANSE inviterer til kunstnaropphald - søknadsfrist 1. mars

Seanse - senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda er einaste i landet som tilbyr kunstnaropphald for prosjekt innan alle kunstsjangrar. Både enkeltkunstnarar og grupper er velkomne til å søke. I år vert samlingane i veke 24, 25, 42 og 43. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrighet står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærar sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre.](#) Søknadsfristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka.](#)

Styre og stell

Arbeidstilsynets rapport er klar.

Arbeidstilsynet har gjennomført eit tilsyn ved Høgskulen i Volda. Rapporten er no klar frå Arbeidstilsynet si side, og Innhaldet i rapporten er omlag som venta ut frå kva tema Arbeidstilsynet var opptekne av. Tilsynet omhandla både Avdeling for mediefag og høgskulens felles rutiner, blant anna arbeidsmiljøundersøkinga ARK. Dette er første gongen Arbeidstilsynet har eit tilsyn av denne typen på høgskule eller universitet. Høgskulen har fått frist til 7. februar med å kome med kommentarar til rapporten. Arbeidstilsynet krev at tiltak skal vere gjort innan 9. mai 2023. [Rapporten er også omtala i nettavisa Khrono.](#)

Tre søkarar på dekanstillinga på Avdeling for samfunnsfag og historie

Søknadsfristen på dekanstillinga på Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) vart utsett til 23. januar etter at det ikkje melde seg søkarar i første runde. Etter at den nye søknadsfristen var ute har det meldt seg tre søkarar til stillinga. Dei tre er Roar Stokken (51) Volda, Jorunn Fure (55) Skien og Malena Kjersem (24) Vestnes.

Høgskulestyret: Har foreslått 11 nye styremedlemmer

Kunnskapsdepartementet peikar ut 4 av 11 [styremedlemmer i høgskulestyret i Volda](#). Departementet har bede høgskulestyret å kome med framlegg til nye styremedlemmer som skal fungere frå 2023-2027. Høgskulen har no sendt framlegg på 11 personar til Kunnskapsdepartementet. Departementet vil seinare i vår gi beskjed om kva 4 personar med vara dei har peika ut. Departementet står fritt til å peike ut den dei vil og må altså ikkje velgje dei som står på lista frå høgskulestyret. Dei 11 personane som er foreslått av høgskulestyret er desse:

Astrid Eidsvik (64) Tennfjord

Shazia Majid (48) Oslo

Berit Rokne (68) Osøyro

Randi Skår (58) Førde

Mala Wang-Naveen (46) Oslo

Lars Anders Kulbrandstad (74) Hamar

Sigmund Loland (65) Oslo

Terje Mørland (51) Oslo

Geir Terje Ruud (57) Oslo

Roar Tobro (63) Ålesund

Kjersti Kleven (55) Ulsteinvik

[Nettavisen Khrono har også omtala dei foreslåtte styremedlemmene for alle høgskular og universitet som skal ha nye styremedlemmer i 2023.](#)

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Rapport om barnevernstenesta i Møre og Romsdal: Tilsette føler seg godt tekne vare på og har det bra på jobb

Tre tilsette ved Institutt for sosialfag (ASH) har publisert ein rapport i høgskulens skriftserie: "[Statusrapport: Ivaretagelse av ansatte. Kartlegging av arbeidsmiljøet i barnevernstjenestene i Møre og Romsdal](#)". Dei tre forskarane bak rapporten er [høgskulelektor Betina Haug Olson](#), [høgskulelektor Ellen Aarseth](#) og [professor Roar Stokken](#). Forskarane omtalar rapporten slik: "Rapporten er basert på en spørreundersøkelse som ble utarbeidet i samarbeid med barnevernstjenestenes læringsnettverk i fylket, der 181 (70 % svarrate) barnevernsansatte i Møre og Romsdal svarte på spørsmål knyttet til ivaretagelsen av dem som ansatte. Kort sagt viser resultatene at det stort sett står bra til i det kommunale barnevernet i fylket vårt."

Konferansebidrag frå Vikane og Ryslett

[Førsteamanuensis Jan Håkon Vikane](#) og [førstelektor Kari Ryslett](#), begge AHL, har delteke på The Teacher Education for Democracy and Wellbeing Conference ved Linnéuniversitetet i Kalmar, Sverige 19.-20. januar med konferansebidraget: Sami culture in early childhood teacher education In Norway. Førstelektor Kari Ryslett bidro også med konferansebidraget: The Norwegian kindergarten meal as an arena for children's health and wellbeing. [Her er lenke til konferansen.](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Førsteamanuensis/Førstelektor/Høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/ høgskulelektor i norsk/norskdidaktikk språklege emne - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor i norsk/norskdidaktikk/norsk som andrespråk - søknadsfrist 1.2.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium
- 29.1.2023: [75-års jubileumskonsert for Symfoniorkesteret](#), Volda samfunnshus
- 3.2.2023: [Disputas Ingeborg Berg Skogen](#), Høgskulen i Volda
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
- 10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
- 22.2.2023: [Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
- 20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
- [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
- [Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

